

Påskeandakt Nykirken 2020

Mark 16,6

Eg har, med skam å melda, aldri vore i Israel.

Men det er heldigvis mange andre som har vore der...! Og eg er blitt fortalt - at utanfor det som mange meiner har vore Jesu grav – står eit skilt med følgjande ordlyd:

«He is risen! He is not here!»

Om dette skiltet står der fortsatt, veit eg ikkje. Men det burde stå der!

For det var jo nettopp *denne* meldinga dei 3 kvinnene som kom til grava i grålysninga, fekk av engelen, ifølge evangelisten Markus. Og vi les i kapittel 16:

«Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han er stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han!»

Og difor utbraut ein norsk turist følgjande, etter å ha sett den tomme grava:

«Er det ett sted hvor Jesus ikke er, så må det være der inne!

Dermed er faktisk ikkje Jesu grav *tom*, den er istaden *full*, breiddfull av *håp!*

Og det fekk dei vetskremde og forvirra læresveinane etterkvart erfarar...

Dei kjende på håpløsheten, og trudde at langfredagen betydde «game over».

Men så kom meldinga: «He is risen! He is not here!»

Jesu er m.a.o. ingen død helt som vi skriv nekrologar om og arrangerer minnestunder for! «*Nei, det trengs ingen blomster til graven! Jesus, du stod opp og du bor blant oss!*»

Og det betyr ei *ny* fortid, og ei *evig* framtid for alle som vi ta imot...!

Til og med fornektaren *Peter* fekk starta på nytt med blanke ark, og kjenna at Jesus ville dela sigeren også med slike som han! - Og difor innleier Peter sitt første brev med følgjande takk og lovprising:

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til eit levande håp ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!»

Og denne sigersfanfaren får også *vi* ramma inn våre liv med...!

Ved døypefonten lyder desse orda, og så – ein gong – ved gravkanten...

Slik er vi omslutta av *håp*, *levande* håp, som heller ikkje vår siste fiende, døden, kan ta ifrå oss! - Det er vanskeleg å *forstå*...! Men det er ein som har sagt, at:

«Troen griper, selv om den ikke begriper!»

Og trua kjem av budskapet vi høyrer, seier apostelen i Rom 10.

Så lat oss idag ta imot den - også frå eit skilt ved den tomme grava:

«He is risen! He is not here!»

Amen!